

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Sande kontrollutval  
**Møtestad:** Sande rådhus - Fsal/Ksal  
**Dato:** 03.05.2021  
**Tid:** Kl. 13:30 – 16:30.

---

<b>Medlemmar som møtte</b>	<b>Representerer</b>	<b>Funksjon</b>
Elisabeth Kirkholm		leiar
Kenneth Rusten		medlem
Torbjørn Kjetil Rekdal		medlem

<b>Forfall</b>	<b>Representerer</b>	<b>Varamedlem</b>	<b>Representerer</b>
Hilde Iren Jakobsen		Markus Ristesund	Støylen
Silje Ekroll Riborg			

Det lukkast ikkje å få inn vara for Silje Ekroll Riborg.

### Andre som møtte:

Frå Vest kontroll:  
Jostein Støylen. Dagleg leiar.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon:  
Halldis Moltu. Oppdragsansvarleg revisor finansiell revisjon.  
Alf Marius Grønnevik. Forvaltningsrevisor.

Frå kommunen:  
Olav Myklebust. Ordførar. I sakene 19, 20, 21 og 22.  
Anders Hammer. Kommunedirektør. I sakene 19, 20 og 21.  
Elin Rekdal Skogstad. Økonomileiar. I sakene 19 og 20.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
13/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/197
14/21	Godkjenning av protokoll	21/197
15/21	Gjennomgang av møteprotokollar	21/197
16/21	Skriv og meldingar	21/197
01/21	Fagkonferanse 1-2. juni 2021 - Digital	21/19
02/21	FKT - Fagkonferanse og årsmøte 2021	21/19
03/21	Kontroll i mediene	21/19
04/21	KS gir råd til kommuner for å redusere risiko for nye dataangrep	21/19
05/21	Økonomisk kriminalitet	21/19
06/21	Melding om vedtak - Årsmelding for kontrollutvalet 2020	21/19
07/21	Melding om vedtak - Årspann for kontrollutvalet 2021	21/19
17/21	Forenkla etterlevingskontroll 2020 Sande - Risikovurdering	21/200
18/21	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2020	21/196
19/21	Kommunerekneskapen med årsmelding 2020	21/198
20/21	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Innkjøp	21/195
21/21	Bestilling av prosjektplan for nytt forvaltningsprosjekt Sande	21/202
22/21	Orienteringar	21/197
01/21	Orientering frå kommunedirektøren	21/197
23/21	Vedtaksoppfølging	21/197
24/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/197

Stad, 05.05.2021

Elisabeth Kirkholm

## 13/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

### **Behandling:**

Torbjørn Rekdal melde at han under sak 24 vil ta opp sak/tilhøve vedkomande kommunen si handtering av koronatiltaka.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

## 14/21 Godkjenning av protokoll

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 17.02.2021.

### **Behandling:**

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 17.02.2021.

## 15/21 Gjennomgang av møteprotokollar

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

### **Behandling:**

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

## 16/21 Skriv og meldingar

### **Underliggende sak:**

**Saksnr.**

**Tittel**

01/21

Fagkonferanse 1-2. juni 2021 - Digital

02/21	FKT - Fagkonferanse og årsmøte 2021
03/21	Kontroll i mediene
04/21	KS gir råd til kommuner for å redusere risiko for nye dataangrep
05/21	Økonomisk kriminalitet
06/21	Melding om vedtak - Årsmelding for kontrollutvalet 2020
07/21	Melding om vedtak - Årspann for kontrollutvalet 2021

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

**Behandling:**

Skriv 2. Dei som er interesserte i delta i konferansar og kurs må, av omsyn til kontroll med kontrollutvalet sitt budsjett, før påmelding kontakte leiar i kontrollutvalet og/eller sekretariatet før påmelding.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

**01/21 Fagkonferanse 1-2. juni 2021 - Digital****02/21 FKT - Fagkonferanse og årsmøte 2021****03/21 Kontroll i mediene****04/21 KS gir råd til kommuner for å redusere risiko for nye dataangrep**

**05/21 Økonomisk kriminalitet**

**06/21 Melding om vedtak - Årsmelding for kontrollutvalet 2020**

**07/21 Melding om vedtak - Årsplan for kontrollutvalet 2021**

## **17/21 Forenkla etterlevingskontroll 2020 Sande - Risikovurdering**

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek revisjonen sin vurdering av risiko- og vesentlegvurdering vedkomande etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga til vitende.
2. Kontrollutvalet er positive til at området pleie/omsorg er teke ut til kontroll, og meiner at å sjå på vederlagsberekning for institusjonsopphald er særns nytting.

### **Behandling:**

Halldis Moltu frå revisjonen orienterte frå dokumentet som er unnateke off. innsyn. Ein fann ikkje grunn til å stenge møtet, då revisor ikkje ville kome inn på opplysningar i dokumentet som var unnateke off.innsyn.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet tek revisjonen sin vurdering av risiko- og vesentlegvurdering vedkomande etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga til vitende.
2. Kontrollutvalet er positive til at området pleie/omsorg er teke ut til kontroll, og meiner at å sjå på vederlagsberekning for institusjonsopphald er særns nytting.

## 18/21 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2020

### Vedtak:

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2020.

### Behandling:

Dersom det vert stilt spørsmål som er unnatek offentleg innsyn må ein lukke møtet. Jf. B-dokumentet

Halldis Moltu frå revisjonen frå på spørsmål.

Det kom ikkje fram opplysningar som gjorde at ein måtte lukke møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2020.

## 19/21 Kommunerekneskapen med årsmelding 2020

### Vedtak:

#### Kontrollutvalet legg fram slik uttale til kommunestyret:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2020 datert 16.04.2021.

2. Kontrollutvalet meiner at kommunen sin årsrekneskap kan godkjennast.

Årsrekneskapen viser: netto driftsresultat (overskot) på kr 2 499 000 og eit meirforbruk på kr. 502.000.

Rekneskapen er sett saman av:

- balanse per 31.12.2020,
- oversikt over løyvingar til drift og investering,
- økonomisk oversikt drift og
- notar medrekna samandrag og viktige rekneskapsprinsipp.

3. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsmeldinga.

4. Kontrollutvalet viser til at lovverket seier at kommunen skal ha tilsett ergoterapeut og meiner det bør tilsetjast snarast.

### Behandling:

Ordførar møtte. Han gav betreknningar og svara på spørsmål.

Kommunedirektør Anders Hammer og økonomileiar Elin Rekdal Skogstad, orienterte og svara på spørsmål.

Torbjørn Rekdal kom med slikt forslag til nytt pkt. 4:

Kontrollutvalet viser til at lovverket seier at kommunen skal ha tilsett ergoterapeut og meiner det bør tilsetjast snarast.

Det vart stemt over forslaget frå sekretariatet med tillegget på pkt. 2. Dette vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det stemt over forslaget frå Rekdal. Forslaget vart samrøystes vedteke.

Dagleg leiar si tilråding:

**Kontrollutvalet legg fram slik uttale til kommunestyret:**

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2020 datert 16.04.2021.
2. Kontrollutvalet meiner at kommunen sin årsrekneskap kan godkjennast.  
Årsrekneskapen viser: netto driftsresultat (overskot) på kr 2 499 000.

Rekneskapen er sett saman av:

- balanse per 31.12.2020,
- oversikt over løyvingar til drift og investering,
- økonomisk oversikt drift og
- notar medrekna samandrag og viktige rekneskapsprinsipp.

3. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsmeldinga.

## 20/21 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Innkjøp

**Vedtak:**

**Kontrollutvalet legg saka fram for kommunestyret med slikt forslag til vedtak:**

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Innkjøp, Sande kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 20.02.2021)
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  1. Kommunen skal følgje rutinar og bruke mal-dokument utarbeida av innkjøpssamarbeidet i Ålesund som kommunen er ein del av. Dette vil kunne bidra til å effektivisere innkjøpsarbeidet og sikre trygge og gode innkjøpsrutinar i samsvar med gjeldande lov og regelverk.
  2. Kommunen må ved gjennomføring av innkjøp som feil under innkjøpsføreskrifta del 1, sørge for at eit tilfredstillande antal tilbydarar blir kontakta i samsvar med lov, føreskrift og eigne rutinar..
  3. Kommunen må sørge for at innkjøp over terskelverdi del 2 blir utlyst på Doffin i samsvar med lov og føreskrift
  4. Kommunen må sørge for å nytte alle rammeavtaler ein er bunden av.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **30.08.2021**.

**Behandling:**

Forvaltningsrevisor Alf Marius Grønnevik og revisor Halldis Moltu orienterte og svara på spørsmål i tilknytning til rapporten.

Både kommunedirektør og ordførar kom med sine kommentarar. Kommunedirektøren viste til at rapporten peika på tihøve som må sjåast på. Det er forbettringspotensiale.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Innkjøp, Sande kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert

20.02.2021)

2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  1. Kommunen skal følgje rutinar og bruke mal-dokument utarbeida av innkjøpssamarbeidet i Ålesund som kommunen er ein del av. Dette vil kunne bidra til å effektivisere innkjøpsarbeidet og sikre trygge og gode innkjøpsrutinar i samsvar med gjeldande lov og regelverk.
  2. Kommunen må ved gjennomføring av innkjøp som feil under innkjøpsføreskrifta del 1, sørge for at eit tilfredstillande antal tilbydarar blir kontakta i samsvar med lov, føreskrift og egne rutinar..
  3. Kommunen må sørge for at innkjøp over terskelverdi del 2 blir utlyst på Doffin i samsvar med lov og føreskrift
  4. Kommunen må sørge for å nytte alle rammeavtaler ein er bunden av.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **30.08.2021**.

## 21/21 Bestilling av prosjektplan for nytt forvaltningsprosjekt Sande

### Vedtak:

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeide prosjektplan for forvaltningsprosjektet Vedlikehald kommunale bygg.

### Behandling:

Forvaltningsrevisor Alf Marius Grønnevik orienterte og svara på spørsmål.

### Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeide prosjektplan for forvaltningsprosjektet Vedlikehald kommunale bygg.

## 22/21 Orienteringar

### Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/21	Orientering frå kommunedirektøren

### Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

### Behandling:

Vedkomande orienteringssak 01/21:



Kommunedirektør Hammer orienterte om arbeidsoppgåvene frå AMU (Arbeidsmiljøutvalet) med utgangspunkt i årsmeldinga frå 2020.  
Sande kommune brukar Compilo avvikssystem.  
AMU hadde i 2020 5 møte og behandla 36 saker.  
Det var diskusjon om møteprotokollane og årsmeldinga burde leggjast ut eller ikkje.  
Årsmeldinga vil bli melding til eit seinare møte i kontrollutvalet.

Dagleg leiar si tilråding:  
Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

## **01/21 Orientering frå kommunedirektøren**

## **23/21 Vedtaksoppfølging**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

### **Behandling:**

Sekretariatet orienterte om oppbygginga av kontrollutvalet si vedtaksoppfølging.

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

## **24/21 Saker til eventuell seinare behandling**

### **Behandling:**

Det vert vist sak 13 at Torbjørn Rekdal ville ta opp om eventuell sak vedkomande behandling av koronatiltaka.

Ordføraren opplyste at kommunen skal gjere ei evaluering. Det er då ikkje grunn til at kontrollutvalet skal setje i verk noko tiltak på noverande tidspunkt.

Det kom ikkje fram opplysningar som gjer at det vert vedtak i saka.